



**Med bakgrunn i merknader og reaksjonar frå medlemer og lokalmiljøet vedr.høyringsuttale om Endring av skulestrukturen i Kvinnherad, har styret drøfta saka på nytt i møte 02.01.2013**



Merknadene frå styret er samla i 3 punkt:

- Styret held fast på at Uskedalen utvikling er høyringspart i viktige saker for bygda. I meir omfattande saker med ulike syn trengst det ei grundig drøfting og gjerne med vedtak frå medlemsmøte. I ettertid ser vi at prosessen i arbeidet med ei samlande fråsegn om samanslåing av skulane Bringedalsbygda og Uskedalen ikkje oppfyller desse krava.
- Motivet og innhaldet i uttalen vert oppfatta og tolka annleis enn det styret la opp til. Målet med uttalen var å sei noko om eit elevgrunnlag for å sikra, utvikla og skapa ein god skule.

Reaksjonane tyder på at dette ikkje er vektlagd. Det som var tenkt som ei samlande fråsegn, førte til splitting og sterke reaksjonar med mellom anna signal om utmelding av Uskedalen utvikling.

· Reaksjonane tyder på at saka fekk ei sterk fokus på person. Person og partipolitikk fekk merksemd, ikkje saka. Dette skjer ofte i saker med stort engasjement, og det er vanskeleg i ettertid å endra dette inntrykket. Uskedalen utvikling i samarbeid med FAU har ved fleire høve skipa til møte om opprustning av Uskedal skule. Vi vil halda fram arbeidet med å sikra bygda ei god skule i framtida.

Styret har elles merka seg og kan slutta seg til høyringsuttalen frå Samarbeidsutvalet ved skulen.

### **Konklusjon**

**Styret tek desse synspunkta og ankemåla til etterretning.  
Fråsegna frå 12.12.2012 om endring av skulestrukturen i  
Kvinnherad vert trekt frå høyringslista.  
Samrøystes vedtak i styret 02.01.2013**